



Direktoratet for mineralforvaltning
Ladebekken 50
7066 TRONDHEIM

Vår referanse
21/122 22/712

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Cecilie Breiteig

Dato
18.01.2022

Informasjon om planvedtak - Detaljregulering Hyttefelt Alme - reguleringsendring

Hareid kommunestyre har i møte 09.12.21 sak KST – 97/21 vedteke ovannemnde Detaljregulering med namn Hyttefelt Alme – reguleringsendring og planident 20210001. Nylig vedteken reguleringsplan vil erstatte tidlegare plan for området (planId 20160002).

Planvedtaket vert her kunngjort i samsvar med plan- og bygningslova §12-12. Etter plan- og bygningslova §12-4 er planen gjeldande frå kommunestyret sitt vedtak. Vedtaket vert kunngjort i lokal avis, samt kommunen sine heimesider og kan påklagast til Statsforvaltaren **innan 3 veker** frå kunngjeringa.

Krav om innløyasing etter plan- og bygningslova §15-2, eller krav om erstatning etter plan- og bygningslova §15-3 må rettast til Hareid kommune **innan tre – 3 – år** frå denne kunngjeringa.

Kopi av vedtak, plankart og reguleringsføresegner, samt andre relevante dokument er vedlagt.

ORIENTERING OM KLAGERETT

Klagerett

Vedtak gjort av kommunen etter plan- og bygningsloven kan påklagast til Statsforvaltaren av part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kap. VI.

Klagefristen er **tre veker** frå det tidspunktet underretning om vedtaket er motteke av vedkommande part, dvs. vart lagt i Dykkar postkasse, postboks eller vart overlevert på annan måte. Om De på dette tidspunktet var bortreist, eller av andre grunnar var forhindra

frå å gjera Dykk kjent med meldinga/vedtaket, vert ikkje klagefristen endra. Unntaksvis kan likevel dette gje grunnlag for justering av klagefristen, jf. fvl § 31.

Klaga må setjast fram skriftleg. Munnleg klage kan setjast fram til vedkommande forvaltningsorgan som så utformar skriftleg klage på vegne av klagaren. Såkalla førebels klage (klage utan grunngjeving) må og sendast innan klagefristen. Ei grunngjeven klage må deretter ettersendast utan ugrunna opphald før klaga kan handsamast.

Dersom klagebrevet vert postlagt innan klagefristen, er dette tilstrekkeleg for at klaga er framsett i tide.

Klaga skal stilast til klageorganet (Statsforvaltaren i fylket), men sendast til HAREID kommune, Rådhusplassen 5, 6060 Hareid eller postmottak@hareid.kommune.no.

Klaga skal vere underteikna av klagaren eller fullmektig for denne. Klaga må vise tydeleg kva for vedtak som det vert klaga over og den/dei endringane ein ynskjer å ta inn i vedtaket. Det vil vere ein føremon om nemninga "klage" og arkivsakID kjem fram i brevet. Dei grunnane klaga støttar seg på bør nemnast. Det same gjeld andre opplysningar som kan ha tyding for vurderinga av klaga.

I særlege tilfelle kan klagefristen forlengast, og avgjerda om dette skal gjerast før klagefristen på 3 veker er gått ut.

Klager som er for seint sett fram og kor det heller ikkje kan gje oppreisning for overskriding av klagefristen (jf. fvl. § 31), vert avvist slik at klaga ikkje vert teke under handsaming, jf. forvaltningsloven § 33 og § 2.

Utsett iverksetjing av vedtaket

Sjølv om klagerett ligg føre kan som regel vedtaket verte gjennomført straks. Det er likevel mogleg å be om at iverksetjing av vedtaket vert utsett inntil klagefristen er ute eller klaga er endeleg avgjort, jf. forvaltningsloven § 42. Kommunen si avgjerd om å gje eller avslå ein slik førespurnad om utsett iverksetjing er ikkje eit enkeltvedtak som kan påklagast.

I dagleg språkbruk vert det ofte brukt nemninga "oppsettande verknad". Dette betyr nøyaktig det same.

Retten til å sjå dokumenta i saka og til å få rettleiing

Med nokre avgrensingar har de rett til å sjå dokumenta i saka. De kan gjera dykk kjent med dokumenta i saka på kommune sine heimesider. Dokumenta kan og sjåast ved å vende seg til Plan- og bygningstenesta og her vil de og kunna få rettleiing om sakshandsamingsreglar og andre reglar av konkret tyding for rettane dykkar og pliktar innan saksområdet til bygningsstyresmaktene.

Sakskostnader

Når eit vedtak vert endra til gunst for ein part, skal han tilkjennast dekning for vesentlege kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket, med mindre endringa vert skulda eige tilhøve til parten eller tilhøve utanfor parten eller forvaltinga sin kontroll, eller andre

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

www.hareid.kommune.no
postmottak@hareid.kommune.no

Sentralbord: 70 09 50 00
Org. nr: 964 979 278
Kontonr: 4093.07.00195

særlege tilhøve taler mot det (jf. forvaltningsloven § 36 fyrste ledd). Paragrafen har nærare føresegner om freistar, adressat for kravet osv.

Klage over vedtak etter vegloven

Klage over kommunen sitt vedtak etter vegloven (byggjegrænse, avkjøyrsel) vert handsama av Planutvalet med endeleg avgjerd, og går ikkje til Statsforvaltaren.

Med helsing

Cecilie Breiteig
planleggar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar			
Eldar Kåre Holm	Notenesgata 12	6002	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet Region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Ingolf Nasset	Oreteigen 38	6060	HAREID
Johan Bertel Brandal	Almestadbakken 7	6062	BRANDAL
Kirsti Liv Tretnes	Rådhusplassen 10	6060	HAREID
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Marita Regine Siring	Isakmarka 19	6060	HAREID
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Mørenett AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Ove Liaset	Snarvegen 12	6060	HAREID
Siw Olsen			
Statens vegvesen region midt	Postboks 1010	2605	LILLEHAMMER
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Sturla Røyset	Røysetvegen 196	6060	HAREID
Svein Inge Smoge	Almestranda 409	6063	HJØRUNGAVÅG

Vedlegg

Slutthandsaming - Detaljregulering for Hyttefelt Alme

V0 Planomtale - Hyttefelt på Alme

V1 Plankart Alme - revidert

* V2 Føresegn_08.11.21

V3 Planinitiativ Alme

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

www.hareid.kommune.no
postmottak@hareid.kommune.no

Sentralbord: 70 09 50 00
Org. nr: 964 979 278
Kontonr: 4093.07.00195

Vedlegg

* V4 Merknadsvurdering | 1. gongs høyring

* V4.1 Merknadsvurdering | 1. gongs høyring FS

* V4.2 Merknadsvurdering | 1.gongs høyring PK

* V4.3 Merknadsskjema oppstart

samla innspel | 1. gongs høyring

Samla merknader oppstart (5)

GEObreiteig - Kommentar til NVE og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal november 2021

NGU-faktaark_Borebrønn_Almestranda397

V13 Geologisk vurdering Alme

Almestranda_kalkyle vannbehov

NGU-faktaark_Borebrønn_Almestranda397

V16 Vurderingar i høve til naturmangfaldlova 2017

V10 ROS sjekklister 31-1-17

Hyttefelt på Alme - avklaring av fråsegn

Almestranda_kalkyle vannbehov

Detaljregulering for Hyttefelt Alme (20210001) - utlegg til 1. gongs offentleg ettersyn

V9 Sjekklister ROS 05.05.21

V11 Endring vegar - lengdeprofilar

V12 Illustrasjonsskisser

V14 Kommentar geolog omsynssone skred 15-6-2017

V15 Anleggstekniske vurderingar (B. Tarberg) (2)

V4 Referat oppstartsmøte 16.02.21